



Sigurd Vik  
Bakkøyna 31  
5953 Fønnes

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/683 - 22/6041

Saksbehandlar:  
Christopher Marius Straumøy  
christopher.marius.straumoy@austrheim.kom  
mune.no

Dato:  
07.07.2022

## Løyve til spikertelt - gbnr. 144/9 - Kilstraumen

### Administrativt vedtak. Saknr:

Vi syner til søknad motteke 12.06 og supplerande informasjon 02.07.2022.

### Vedtak

**Det vert godkjent løyve til oppføring av «Spikertelt» i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-4, 29-2 og 29-4, samt naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:**

1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.
2. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med innlevert søknad.
3. Spikerteltet kan ikkje brukast til beboelse eller leigast ut for overnatting.

### Saksutgreiing:

Søknaden gjeld «spikertelt» med tilhøyrande carport.

### Tiltak

Søknaden gjeld oppføring av spikertelt med bruksareal (NS 3940) opplyst til å vere på ca.15 m<sup>2</sup> og bebygd areal på ca. 34m<sup>2</sup>.

### Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader i samband med nabovarslinga.

## Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen er definert som LNF-areal. Utrekna grad av utnytting er oppgeve til 33 % totalt av eigedomen, inkludert dei allereie etablerte naust. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen etter KPA si føresegn i punkt 1.6.6:

### § 1.6.6 Byggjegrænse mot sjø og vassdrag for LNF-område

For LNF-område innafor 100- metersbeltet langs sjø og vassdrag er det tillate med nødvendige bygningar, landbruksgrjerde, leskur, landbruksveg, opplag, eller andre tiltak som er nødvendige for landbruksdrifta, jf pbl § 11-11 nr.4.

Søkar skriv følgande:

#### **Søknad om spikertelt (midlertidig bygg) , 3 m x 6, m, til campingvogn**

Eg, Sigurd Vik, er registrert fisker driv firmaet Vik Fisk og eier nabotomt til Kilstraumen brygge. Eg driv med garn, joksa, diverse teiner og liner. Har ofte med meg barnebarnet vårt på 20 år som er svært interessert i fiske. Eg har også hatt med meg andre ungdommer fra kommunen som liker dette.

Eg vil bygge et tilbygg/spikertelt til campingvognen som eg har stående på naustetomten min i Kilstraumen. Kilstraumen Brygge er nå blitt en turistplass med mye folk, både i hytter og i båter. Og båttrafikk ellers. Detter er svært positivt.

Ikke alle har ærlige hensikter. Det er blitt stelt en del fra meg bla. bensinkanner til påhengsmotor, klepper og kniver fra båter, teiner, kveiler med tau, blåser m. m. Det har også blitt en del ødelagte låser i båt og naust. Dette har ført til at eg må flytte en god del av fiskeri utstyret innendørs som ellers kunne stått ute. Dette opptar derfor plassen i naustene som skulle vært brukt til oppbevaring av redningsutstyr og kjeledresser, og reparasjon av fiskeutstyr som fiskegarn, ruser m.m.

Eg har derfor kjøpt en campingvogn som eg plasserte på tomten. Dette for å ha et varmt rom, og kan være mer til stede og følge mer med. Tiltaket blir plassert så langt fra sjøen og inn mot fjellet som mulig, og vert lite eller ikke synlig fra hovedvegen.

Eg søker om å få bygge spikertelt til campingvognen. Da er det godt og ha en plass hvor vi kan varme oss og tørke flytedresser, kjeledresser m.m. når vi kommer inn igjen fra sjøen.

Det er på det rene at søkar er registrert fiskar og driv frå gbnr. 144/9. Føremålet med omsøkte tiltak er å sørge for å ha eit varmt sted å kunne opphalde seg innandørs og spise mat. Dette behovet vurderast å vere i tråd med arealføremålet i KPA si underføremål; fiske, og vil falle inn under unntaket i KPA sine føresegn i § 1.6.6. Det er difor ikkje vurdert som naudsamnt å søke dispensasjon frå pbl. § 1-8 (2), jf. pbl. § 1-8 (4). . Søkar ønskjer ikkje ein permanet løysing, men noko som kan bli ståande så lenge han driv som fiskar og behov for omsøkt tiltakt er gjeldande.

## Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).


Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Statsforvalteren i Vestland.

### Fråsegn frå andre mynde

Saka har ikkje vore på høyring hjå anna mynde.


### Situasjonsplan og terrengprofilar

Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg målsetting (avstand bustad til andre bygg, avstand bustad til nabogrenser, avstand bustad senter veg). Situasjonsplanen viser ingen terrengendringar som følgje av det nye tiltaket. Tilkomst/avkøyring til det nye tiltaket, vil ikkje endrast. Det vil heller ikkje medføre meir trafikk.






1:100 Fasade Vest



1:100 Fasade Øst



1:100 Fasade Nord




1:100 Fasade Sør


Gjerde er mot Kilstraumen Brygge

Spikertelt BRA 15 m<sup>2</sup>  
Spikertelt BYA 18 m<sup>2</sup>


Spikertelt + eksiseternde  
campingvogn  
BYA ca. 34 m<sup>2</sup>



1:100 Snitt A



1:100 Snitt B



### Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

## **Konklusjon:**

### **Det vert godkjent oppføring av spikertelt som omsøkt-**

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon kan sendast inn saman med oppmoding om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal søkar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10 og nødvendig sluttdokumentasjon og erklæring om ferdigstillelse skal leggast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

## **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Christopher Marius Straumøy  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Kopi til:**  
Alf Kvant

**Mottakere:**

Sigurd Vik

Bakkøyna 31 5953

Fonnes